



Kåre K. Rød med god hjelp klarer S/Y STORM for Shetlandstur.

S/Y STORM vart teken på slipp i dag i Vågen på Skorpo. Fartyet skal klarerast før avreise til Shetland i morgon. Med eit mannskap på fire reknar Kåre K. Rød å bruka rundt rekna 32 timar på turen over Nordsjøen.

S/Y STORM er vel 47 fot lang og vore på same turen ein gong før. Kåre har vener på Shetland, som han skal gjesta. Skuta vert klargjort med spyling, vasking og få bort all rur som bremsar på farten. Det er viktig å sjå skuta under vasslina og gå over ror og propell og sjå at alt fungerer.

På flo sjø kl. 24 i kveld skal STORM på sjøen att. I morgon går turen til Brandasund der ei legg kursen mot Lervick på Shetland, Det er så langt vi kjenner til den andre skuta frå Uskedalen som tek denne turen i år. Før har vi skrive om Bjarne Lilleaas med FATUHIVA som la turen til Shetland og Orkenøyane i juni månad.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal